Like feil ville det vera om vi ikkje nytta massemobiliseringa til Studenttingsvala til å knyta fleir studentar til fast interessekamparbeid i PF-grupper. Det er nettopp gjennom å stilla seg i brodden for kampen for massane sine interesser (t.d. levekåra) og ved å stå fram som eit progressivt alternativ (til ST, NSU) at fronten kan få massetilslutnad. Det er ut frå ei slik line vi må byggja PF på universiteta.



FRAM FOR PROGRESSIVT FLEIRTAL PÅ STUDENTTINGA !

TA ALVORLEG PÅ STUDENTTINGSVALA !

Kamerat som driv med interessekamp.

landsmötene Inl-fr

1. Landslaget for norske lærarstudentar:

Landsmøtet la grunnlag for framgang.

Revisjonistane sine åtak på lina til LNL og på sentralstyret blei bastant avvist.

Revisjonistane køyrte heilt frå byrjinga offensivt ut med lina si med 'fagkritikk' - som viktigaste oppgåve for LNL og prøvde å spreie mistillit til sentralstyret på saker som støtta til Sogn-okkupasjonen, støtta til FRAP og ETA o.l.

LANDSMØTET I INTERESSEKAMPEN SITT TEIKN.

Opp mot dette la vi stor vekt på dei kampane vi har ført, den store einskapen vi i dag har blant lærarstudentane mot staten sin studentfiendtelege og reaksjonære utdanningspolitikk, og dei viktige kampopp-gåvene lærarstudentane står overfor. Hovuddiskusjonane på LM dreia seg om levekåra, demokratiske rettar for studentane og rasjonaliseringsframstøyt.

'Fagkritikk'-lina vart stilt opp mot dette og leid eit kraftig nederlag. Berre 10 av ca 15 i SV-fraksjonen stod på denne lina til siste slutt. Etter grundige diskusjonar på LM (og ikkje minst i pauser og om kvel-dane medan SV fraksjonerte med seg sjølv) førte til at resten av delegatane med få unntak støtta vår line.

Revisjonistane prøvde også å hindra at 1.mai skulle stå som ei viktig oppgåve for LNL i det nye arbeidsprogrammet. Dette blei også avvist mot 10 stemmer. Jøtularbeidarane fekk einstemmig støtte - og 2800 kr vart samla inn. Hammerverk-arbeidarane og det suspenderte SEF-styret fekk også einstemmig støtte.

Arbeidsprogrammet tek avstand frå supermaktane USA og Sovjet og framhevar kampen til den 3.verda (vedteke med knapt fleirtal pga. dårleg førebudd diskusjon). I uttalelsen om Island / Barentshavet (vedteken med

6 avh., 5 var bundne til dette) blir det m.a. slått fast at det er spesielt supermaktane USA og Sovjet som trugar den nasjonale sjølvråderetten i desse spørsmåla. SV stemte altså for dette!

Mot 3 stemmer og 3 avh. slutta LM opp om kravet om å forby Norsk Front. Samstundes tek vedtaket avstand frå 'kommunazisme'-kampanja. LM vedtok også lovending som slår fast at nazistar ikkje kan bli medlem av LNL.

På Angolaspørsmålet trekte SV framlegget sitt, men stemte mot resolusjon mot supermaktsinnblanding og kravet om alle framande tropper ut av Angola. Pga. mange bundne mandat blei LNL meldt ut av Chilekomiteen. Dette var ikkje undersøkt på førehand.

Den nye leiinga står på det vedtekte arbeidsprogrammet. SV-fraksjonen prøvde seg her med krav om at "mindretallet måtte bli rimelig representert" i det nye sentralstyret. Dei stilte ut frå dette eit blokkframlegg på 4: 3 SV'arar og ein ope reaksjonær (den mest reaksjonære delegaten på LM som kom frå Sogndal). Dette blei klart nedstemt (ca. 20 støtta dette framlegget). Etter dette blei det nye sentralstyret valt med stort fleirtal, formannen og nestforkvinna mot 2 og 1 stemme.

KVA BETYR DETTE LM ?

Ut frå den politikken som LM slutta opp om og at vi fekk ny progressiv leiing, kan vi slå fast at dette LM har lagt grunnlag for vidare framgang og styrking av kampkrafta til LNL.

LM vart også etter kvart eit klårt nederlag for revisjonistane som har stilt seg som mål både å 'revidera' politikken for fronten og å overta leiinga. Dei blei på dette LM isolert både på politikken og på det mistillitskjøret dei prøvde å byggja opp mot kommunistane som har stått i leiinga for fronten. Dette betyr ikkje at dei er slegne for lang tid framover. Tvert imot, så har revisjonistane styrka seg i høve til tidlegare. Dei har fraksjon, dei legg opp politikk, dei organiserer mistillitskjør osv. og dei er på ingen måte slegne sjølv om dei blei både isolert og demoralisert på LM.

Den opne raksjonen var lite representert på LM, ca 3 støtta dei reaksjonære linene til den eine delegaten frå Sogndal. Sjølv om dei var isolert og utan innflytelse på LM betyr ikkje dette at vi ikkje skal ta dei alvorleg. Vi veit at dei har sturka seg organisatorisk på desse skulane (har grupper på fleir skular enn før). Vi må difor ta alvorleg på dei. Linene deira, antikommunismen må isolerast.

KVA ER VIKTIG NO ?

To ting er spesielt viktig:

- At vi og andre progressive spreier kva som skjedde på LM. Vi veit at revisjonistane skal ha landskonferanse 3. og 4. april m.a. for å oppsummera landsmøta i LNL og FR. Vi har sett i 'Ny Tid' kva dei har spreidd om YLI sitt landsmøte. Det er svært viktig at det er vi og andre progressive som spreier kva som skjedde til lærarstudentane slik at ikkje borgarpressa og revisjonistane kjem oss i forkjøpet med sine vrengebilete. LNL skal i byrjinga av april ha ferdig ei 4 siders avis om LM -bruk dette!

- At vi går i spissen for massemobiliseringa på dei viktigaste interessekampsakene som LM tok opp. Levekåra: set igang diskusjonar om krav no utover våren. Sentralstyret i LNL har ansvar for å skaffa materiale til desse diskusjonane, m.a. å koma med framlegg til krav. Demokratiske rettar: forsøka på å knebla og umyndiggjera allmøta til lærarstudentane må avvissast. Rasjonaliseringsframstøytta: staten vil skjerpa rasjonaliseringa. Fleire skular har nyleg fått beskjed om at dei må ta inn fleire studentar til hausten utan å få større løyvingar. Planane er mangfoldige -det er viktig å skaffa opplysningar om kva som er på gang og reisa protestar og kamp mot det.

LM viste at kommunistane er ei avgjerande kraft i lærarstudentane sin kamp. Vår innsett vil vera avgjerande for at LNL framleis skal bli eit viktig reidskap for lærarstudentane, eller om det skal bli -slik revisjonistane vil -ei klam 'kritisk' hand om studentane sine interesser, ei hand som avsporar og legg ned kampen og tener studentane sin fiende; staten og monopolkapitalen.

2. Fellesrådet for sosialskulestudentane:

Landsmøtet i Fellesrådet for sosialskulestudentane viste: Det er naudsynleg at kommunistar jobbar fast i FR og at vi har liner for å reisa kampen mot åtaka på studentane sine interesser og for å utvikla og styrka FR som kamporganisasjon.

FASIT FRÅ LANDSMØTET.

Trass i at det på LM var eit fleirtal som i utgangspunktet støtta SV sine liner og vi berre hadde ein fjerdedel av delegatane - vann vi fram med politikken på alle vesentlege punkt, men tapte valet på ny leiing.

Dette vil seie at LM i FR (FR sitt høgste organ) står på ein i hovudsak bra politikk. Samstundes har organisasjonen fått ei leiing med sterk innflytelse frå revisjonistane (4 av 10) som vil motarbeida oppfølgjing av vedtaka frå LM f.o.f. gjennom passiv sabotasje. I utgangspunktet har ikkje vi nokon i leiinga sjølv om fleire står oss nær og støttar politikken vår for FR.

Eg skal ikkje her (av plassomsyn) gå nærare inn på det som skjedde på LM. Det står ein kort artikkel om dette i HMG som kjem før 1. mai. Vil heller gå litt inn på kva det LM betyr for vårt arbeid.

TO TING ER VIKTIG NO

Det eine er å få oppsummert kvifor vi har mista innflytelsen over masseorganisasjonen til sosialskulestudentane slik at vi m.a. i stor grad er sett utafor leiinga. Stikkord her er svakheter i politikken vår for sosialskulestudentane sin kamp og masselina i arbeidet vårt (synet på sosialskulestudentar og kampen for deira interesser som uviktig, utbreidd mistillit til massane).

Det andre er å alt no starta arbeidet for å styrka kamplina i FR og for å få ei leiing, på neste LM, som vil gå i brodden for å reisa sosialskulestudentane sin kamp.

Nivået er ujamnt og situasjonen ulik frå skule til skule, men vi vil likevel prøva å streka opp nokre naudsynlege tiltak for å kunna stilla ei slik målsetjing:

a) Byggja ut NKS. Dette er spesielt viktig på skular der vi vil bli redusert til eit lite

fåtal etter sommaren. Sirkelarbeid, rek- ruttering, trekkja folk til oss i 1. mai-mobiliseringa, få folk med på sommerleirar vil her vera avgjerande.

Det trengs heilt klart meir sjølvstendig markering av NKS. Propagandaen vår må styrkast, vi må stå fram med synspunkta våre, presentera framlegg til liner for FR ope som kommunistane sine framlegg og få diskusjon på sak ut frå det. Ei slik line vil også vera eit godt grunnlag for å ta offensivt den undergravande mistilliten som revisjonistane køyrer fram t.d. i skrive "Hvor går FR?". Det er ikkje langt mellom denne "mistillita" og den opne anti-kommunismen. Beste middelet mot dette er å gå ut med politikken og stilla seg i brodden for å reisa massane til kamp for deira interesser.

b) Gå i brodden for massemobiliseringa for å kjempa for og for å forsvara studentane sine interesser. Dette gjeld spesielt saker som levekåra, rasjonaliseringspolitikken, tiltak for å knebla dei demokratiske rettane til studentane slik vi ser det på lærarskulane no. Dette vil seie at det må vera obligatorisk for kommunistar å ta del i arbeidet til FR som er den største masseorganisasjonen på desse skulane og det viktigaste reidskapet i deira interesse-kamp.

Dette betyr ikkje at alle kommunistar no skal ha hovudoppgåva i FR og at vi skal leggja ned alt anna. Det betyr at alle kommunistar skal ta del i arbeidet, gå på møta, setja seg inn i politikken, stilla folk til leiinga av FR lokalt og sentralt. At det er vi kommunistar som må stilla oss i brodden for å utvikla FR og sosialskulestudentane sin kamp. Dette har vi sett tydelege døme på i den tida vi har arbeidd for at FR skulle bli ein kamporganisasjon.

c) Vi må organisera arbeidet alt no. Det må nedsetjast ei 'gruppe' som arbeider spesielt med politikken for FR på plassen med flest skular. Ansvaret for denne gruppa blir å utvikla politikken for FR, spreie propaganda og sikra oppfølgjing av politikken frå LM og nye initiativ. Det er viktig at folka våre og progressive uavhengige som arbeidar sentralt i organisasjonen får støtte slik at dei kan føra ut linene LM vedtok. *Kamerat i IK- utvalget*

DEBATT:

SKRIV INNLEGG TIL 4. MAI!

Vi mener at 4. mai ikke utelukkende skal være et blad for direktiver - selv om det er ufravikelig nødvendig - det bør også være et blad for ideologisk kamp der alle medlemmer deltar. Derfor: skriv innlegg, men skriv kort og skarpt!

I dette nr. bringer vi den første delen av et innlegg som peker på noen veier den begynnende plattformdiskusjonen bør ta. Resten av innlegget kommer i neste nr. I neste nr. kommer også et svar på det innlegget om Progressiv Front som sto i forrige nr. av 4. mai.

red.

PLATTFORMKRITIKK

For dere som ikke veit det: NKS har ei prinsippplattform. Den er trykt i NKS-boka og bør studeres i sammenheng med dette innlegget.

Til høsten skal hele NKS gjennom en viktig landsmøtebevegelse. Da skal vi bl. a. diskutere utkast til ny politisk plattform, eventuelt et prinsippprogram for NKS. For en kommunistisk organisasjon er ikke en plattform et hvilket som helst dokument som det går 13 av på dusinet. Plattformen angir den hovedlinja vi skal stå på. Den skal i programatisk form stille motsigelsen mellom marxismen-leninismen og opportunisten så skarpt som mulig. Den skal være en vegviser til revolusjonen og det proletariske diktaturet. Om plattformen sjøl har store revisjonistiske feil vil den derimot bli et redskap for revisjonistisk utglidning, til tap i dagskampen og kampen for sosialismen.

Alle kamerater har derfor ansvar for at vi får ei bra plattform. Det er farlig å tenke at "dette ordner nok de mest framskredne opp i". Og overlate utforminga av prinsippene til en liten klikk betyr: -At de aleine får bestemme om organisasjonen skal forbli kommunistisk. -At deres begrensede erfaringer -og ikke hele organisasjonens samlede erfaringer -blir lagt til grunn for arbeidet. -At vi bare kan oppnå en grunn enighet om prinsippene i plattformen, at bare noen blir

i stand til å bruke plattformen, at den altså blir et dødt papir -og ikke noen kraft i kampen.

Dette innlegget står for undertegnede egen rekning. Det er skrivi på forespørsel fra kamerater i NKS/AU, men de har ikke lest det og ikke gjort seg opp noen mening om mine standpunkter. Bakgrunnen for artikkelen er at vår nåværende plattform har åpenbare feil og må omskrives. Grunnen til at den kommer alt nå, er behovet for at alle skal gjøre seg opp si mening, og for å få igang diskusjonen. En diskusjon som må materialisere seg i innlegg til 4. mai. Skriv du også!

ER DEN GAMLE PLATTFORMA REVISJONISTISK?

Sjøl har jeg ikke gjort meg opp noen endelig mening om plattformen vår har ei revisjonistisk eller marxist-leninistisk hovedside. Men jeg mener bestemt at den har grove mangler og feil (avspeiler høyreavviket) som gjør at den må på skraphaugen. Jeg vil i denne kritikken konsentrere meg om disse feilene og manglene.

Skal bare kort nevne noe av det som er bra -og som viser at NKS skiller seg fra de opportunistiske organisasjonene: Den tar stilling for marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenkning, væpna revolusjon, prole-

tariatets diktatur. Den stiller NKS på programmet til AKP (m-l) og på de viktigste vedtaka til partiet. Den gjør det klart at NKS er studentforbundet til AKP (m-l). Den tar stilling for studentenes rettferdige kamp for egne interesser -og polemiserer mot ideer som hindrer oppslutning om denne kampen. Plattformen forsvaret det kommunistiske synet på de borgerlig-demokratiske rettene og på den nasjonale sjølføret. Den går mot en rekke opportunistiske teorier som vil lede kampen for sosialismen på avveier, den tar avstand fra feilaktige ideer om enhetsfronten.



PLATTFORMA ER STUDENT-ISOLASJONISTISK.

Det verste med plattformen er etter min mening ikke de feila den inneholder, men sjølve innrettinga dens -alle de viktige spørsmåla som bevisst er utelatt. Den er så godt som kjemisk rensa for vurderinger av den internasjonale situasjonen. Bare noe kort om hetsen mot de sosialistiske landa -og om at Sovjet i dag er kapitalistisk og fascistisk -har greidd å lure seg med. (Se s. 99 i avsn. om proletariatets dikt.) Det virker som om tanken har vært at siden vi har slutta oss til partiprogrammet, behøver ikke vår egen plattform bry seg om det som skjer utafor Norges grenser.

Jeg mener det er revisjonisme, og går sterkt inn for at den nye plattformen må ta opp støtten til de væpna frigjøringsbeve-

gelsene, til den økte enheten som folk og stater i den 3.verden viser i kampen mot imperialismen, til arbeiderklassens sin kamp i de andre kapitalistiske landa og til de mindre imperialistiske statenes motstand mot supermaktens hegemoni.

Den må ta opp Lenins imperialismeanalyse og de fire grunnleggende motsigelsene i verden som alle skjerper seg nå. Den må peke ut supermaktene USA og Sovjet som hovedfiendene til verdens folk og avsløre deres krigsplaner. Den må ta opp åssen Sovjet kunne degenerere til kapitalisme -og i dag bli til den oppadstigende supermakt, den mest sannsynlige utløseren av den 3. verdenskrigen. Plattformen må gå mot NATO, EEC og norsk imperialisme. Den må forberede kommunistene og folket på folkekrig mot supermaktsokkupasjon.

Hvilke konsekvenser kan det få at disse spørsmåla ikke er behandla i vårt viktigste prinsippdokument? At vi driter i revolusjonene i Øst-Timor og Vest-Sahara, legger oss på ryggen for revisjonistenes offensiv i Angola-spørsmålet, svikter solidariteten med Islands for fiskerigrenseutvidelsen, er sløve for at den norske imperialismen bruker oljepenga til økt internasjonal utbytting -og framfor alt: det åpner for et nytt og verre 9.april ved at vi ikke forbereder studentmassene på krigen.

Platfformas totale blindhet for verdenssituasjonen avspeiler en meget gammel nasjonalsjåvinistisk feil i studentlagene. Riktignok fins det lyspunkter fra tida etter NKS blei danna: Innsatsen da de indokinesiske folkene gikk mot sin endelige seier mot USA-imperialismen ifjor vår, Islandsdemonstrasjonene i vinter, FRAP-representantens besøk i studentersamfunna, internasjonale diskusjoner på sommerleirene, HMG om proletarisk internasjonalisme og Sovjet teach-inn'et i DNS mm.

Men likevel står mesteparten av korrigeringa av dette høyreavviket med nasjonal innskrenkahet igjen. Det er faktisk sånn at vi som ønsker ei sterk oppprioritering av den anti-imperialistiske kampen ikke har annen ryggdekning i den gamle plattformen enn at den sier at vi slutter oss til AKP's program og viktigste vedtak. Mens kamerater som eventuelt er uenige i å legge større vekt på internasjonale forhold med en viss rett kan søke støtte for sin opportunisme i NKS' egen plattform

KLASSEKAMPEN PÅ LÆRESTEDENE -EI AVSPEILING AV KLASSEKAMPEN I SAMFUNNET

Det er ikke bare analysa av den internasjonale situasjonen som er utelatt i plattformen, men også analysa av det norske samfunnet utafor lærestedene.

Riktignok sier plattformen: "NKS har ikkje noko eige langsiktig mål utover det som er sams for heile denne (kommunistiske) rørsla." (s. 92), "kjempe for einskap mellom studentane og arbeiderklassen og resten av det arbeidande folket, og kjempe for arbeiderklassen si leiing av heile folket sin kamp." (s. 92), den nevner hovedmot-sigelsen som er stilt i AKP's program (s. 95) og polemiserer mot noen få ideer i opportunistisk klasseanalyse (s. 97). Men i den grad det finnes elementer til analyse av det norske samfunnet, er det helt spredd.

Ingen plass står det at Norge er statsmonopolkapitalistisk og imperialistisk, at de to hovedklassene er det utbytta proletariatet og det utbytende borgerskapet -og at alle andre klasser og lag tiltrekkes en av disse hovedklassene. Det står ingenting om voldsapparatet som kjern i monopolborgerskapets diktatur, ingenting om rolla til de åpent borgerlige og de borgerlige arbeiderpartia, og heller ingenting om hvordan borgerskapet greier å spre borgerlig ideologi i arbeiderklassen gjennom å bruke en del av de imperialistiske superprofitene til å bestikke et tynt skikt i arbeiderklassen, arbeideraristokratene.



Den sier ingenting om den nasjonale undertrykkinga av samene, eller den dobbelte undertrykkinga av kvinnene. Sjøl om den i det siste kapitelet "Om NKS sitt eksterne arbeid i tida framover" (s. 103) sier at organisasjonen skal drive et allsidig arbeid og advarer mot at den skal bli en "student-fagforening til radikale", er det symptomatisk at studentenes interessekamp er det eneste konkrete eksempelet på eksternt arbeid som nevnes og som det sies "må prioriterast høgt".

LENIN: OM STUDENTENE

Etter at plattformen blei vedtatt på det 1. landsmøtet, har det vært en viss motstand mot at "nye" oppgaver er blitt prioritert. Det gjøldt ved de første streikeke, ved valget og ved 1. mai i år. I dag driver vi for lite IK, men da plattformen blei skrevet sto vi på ei studentsektors linje for innrettinga av arbeidet. Akkurat det hadde vi felles med de moskva-revisjonistiske studentforbunda.



Lenin: "... og intelligensiaen har fått sitt navn fordi den mest bevisst, mest bestemt og nøyaktig gjenspeiler og uttrykker utviklinga av klasseinteressene og de politiske grupperingene i samfunnet som helhet. Studentene ville ikke være seg sjøl om deres gruppedeling ikke tilsvarte utviklinga av klasseinteressene og de politiske grupperingene i samfunnet som helhet -"tilsvarer" ikke i den betydning at studentgruppene og samfunnsgruppene er absolutt proporsjonelle i styrke og antall, men i den betydning at det nødvendigvis og uungåelig må eksistere de samme grupperingene blant studentene som i samfunnet forøvrig "

Lenin mente den akademiske kampen, studentenes interessekamp var fullt berettiget, men han mente det var om å gjøre å splitte opp studentene etter klassemotsetningene i samfunnet ellers. Dette får betydning for klasseanalyse av studentene som jeg skal komme tilbake til. Her skal bare trekkes den konklusjonen at dette for kommunistiske studenter må bety at vi knytter alle mulige band til arbeiderklassen, spesielt gjennom klassens kommunistiske parti. Vi må prinsippfeste studentforbundets plikt til å støtte arbeiderklassens kamper, enten det gjelder streiker e. a. -og vi må prinsippfeste at vi skal gi all mulig støtte til partiets prioriterte oppgaver -enten det er valg, 1.mai, rotasjonskampanje eller andre saker.

(Leninsitatet er fra "Den revolusjonære ungdommens oppgaver" -1903. Her sitert etter Elanutvalget "Om Ungdommen" s. 73)



VI KAN LÆRE AV RØD UNGDOM'S PROGRAM.

Noen vil innvende mot kritikken min at jeg legger opp til ei plattform som vil bli like tjukk og omfattende som partiets program. Det er ikke meningen. Rød Ungdom vedtok et program i -75. Prinsippdelen i dette programmet er kortere enn NKS-plattformen. Likevel har det med det meste av det jeg har påvist at plattformen vår mangler: bl. a. kap 2) Imperialismen, a) Imperialismens epoke, b) Sosialimperialismen, c) De to supermaktene USA og Sovjet, d) Proletarisk internasjonalisme, kap. 3: Norge - monopolkapitalens klassesdiktatur, kap. 4: Klassegrunnlaget for revolusjonen.

Like kort tror jeg likevel ikke den nye plattformen vår kan bli. Programmet til Rød Ungdom inneholder relativt lite åpen polemikk mot ulike opportunistiske ideer. NKS-plattformen må fortsatt gjøre det om den skal bli et tjenlig redskap i den ideologiske kampen. Men framstillingen av de kommunistiske prinsippene må ikke drukne i polemikk. Jeg synes det er tendenser til det i den nåværende plattformen.

Den andre delen av denne artikkelen vil kapittel for kapittel gå gjennom de konkrete politiske feila som jeg mener er å finne i selve plattformen.

T.L.

STREIKESTØTTE: kamp mot venstre - overslag i korrigeringa !

I eit nr av 4 mai i haust var det eit innlegg om streikestøttearbeid som hadde viktige politiske feil som er i strid med vår einskapsline i SSK-arbeidet. I artikkelen "Styrk støttearbeidet" skriv forfatteren m. a. "Det er ikke bra om SV deltar som parti i SSK-komiteene. Det gir jo folk inntrykk av at de støtter kampen.

Dette er eit grovt angrep på vår politikk som går ut på å samle flest mulig til støttearbeid på eit bredt grunnlag. At det er dette arbeiderklassen treng, syner erfaringane frå Jøtulstreiken. Dette var på mange vis eit gjennombrøt for SSK-ane som reidskap for kampvillige arbeidsfolk. Dersom me hadde hengt oss opp i partiskiljer i staden for å mobilisere på eit klassekampgrunnlag, ville det i praksis ha vore å sabotere arbeidet til støtte for Jøtularbeidarane.

Eg meiner ikkje at me skal gjera det til ei hovedoppgåve å få einskap med SV-leiinga i streikestøttearbeidet. Det ville vere å spreie illusjoner om revisjonistane SV-leiinga si politikk er jo retta mot det organiserte SSK-arbeidet. JFR NY TID under Jøtulstreiken. SV-leiinga tek klår fråstand frå å danne permanente SSK'ar. Men det er utslag av sektersk frontpolitikk å utelukke SV på prinsippielt grunnlag frå fronten. Tvert om må me oppmoda lokale SV-lag og SVarar til å taka del i fronten evt. gje ei grunngeving på kvifor dei ikkje stør SSK-arbeidet. På dette viset kan me tvinga SV til å stå fram å forsvare den reaksjonære politikken sin. Me kan uthytte dei indre motsetningane i SV-partiet. På plassen vår har me ein skilde erfaringar som syner kor viktig det er å jobbe etter ei taktisk plan og ikkje, etter proklamasjonspolitik.

Etter å ha sabotert SSK-arbeidet i 1/2 år blei SV-laget tvunge til å take del i SSK. Det vart for pinleg å stå utanfor ei rørsle som ster dig veks i styrke. Det at dei gjekk inn i SSK må sjåast som ein konsesjon frå SV-leiinga og syner store indre motseiingar mellom medlemmane og den lokale leiinga. Når dei tek del i arbeidet er det sjølvsagt ei styrke i det konkrete arbeidet t. d. Jøtulstreiken.

Samstundes må me ikkje ha illusjonar om kva partiet SV står for. Dei tek aktivt del

i alle freistnader på å splitte fronten. Gjennom hard politisk kamp om frontgrunnlaget og gjennom studier på spørsmålet om tariffoppgjeret har me makta å knytte massane i SSK nærmare til oss, avsløre SV sine reaksjonære liner både i frontpolitikken og allment i klassekampen. Dette ahr har skapt store motseiingar i SV og har rive einskildmedlem vekk frå revisjonistleiingane si innflytelse. Dette meiner eg er ein rett frontpolitikk - å skape breie frontar som vert reelle masserørsler, samla flest mogleg på eit klassekampgrunnlag. Som kommunister må me drive hard politisk kamp i fronten for å avsløre dei "falske arbeiderverne" for å vinna oppslutnad om ei korrekt klassekampline i den daglege kampen. Om SV tek del i fronten er det ein bra ting.

1. Det gjer fronten større-noko som trengst ettersom krava til SSK stendig aukar.

2. Det tyder at det lokale SV-laget bryt med partiet si offisielle line. Dette kan med utnytja taktisk.

3. Med får høve til å kjøre vår politikk offensivt fram ansynes SV-medlem og sympatisører. Slik kan me setta revisjonistane si sabotasjeline i saker som Jøtul tariffoppgjeret osv. i samanheng med de deira ålmenne line og rive ærlege folk laus frå SV-partiet.

Innlegget i 4 mai er prega av venstreoverslag i korrigeringa av høyre. Det er samstundes i strid med NKS og partiet sin korrekte politikk for SSK-arbeidet. Det var ikkje feil å taka inn innlegget for å skapa ei debatt, men 4 mai redaksjonen må kritisera for at dei ikkje syta for eit motinnlegg i same nummeret eller nummeret etter. Slik det vart ståande kan det ha skapt tvil om vår eigentlege line for organiseringa av denne fronten.

LÆR AV ARBEIDET MED JØTULSTREIKA
STYRK STREIKESTØTTEARBEIDET.

SSK-aktivist/Bergen

KOMMUNISTISK SIKKERHETSPOLITIKK

TELEFONAVLYTTINGA

TILTAR:

STADIG FLERE OPPLYSNINGER TIL
SIPO VIA TELEFONAVLYTTING !

Det er overveiende sansynlig at overskrifta er i samsvar med virkeliheten. Det er nå allerede en del år siden at folk i m-l-bevegelsen fikk avspilt egen telefonsamtale opp-tatt på bånd og avspilt ved feiltakelse for første gang. Seinere har dette skjedd noen ganger, seinest (?) i DNS i høst der dette skjedde med et medlem av Rød Front-styret. Husk at disse tilfellene er uhell fra SIPO's side, dersom dette aldri har skjedd med ens egen telefon så er ikke det et tegn på at den ikke er avlytta. SIPO's uhell er opp-lagt få i forhold til hele virksomheten!

Vi veit alle at klassekampen skjerpes både nasjonalt og internasjonalt. Sovjet viser seg som en stadig mer rovgrisk supermakt. Deres trålere og forskningsskip utenfor norskekysten er utstyrt med avansert spionasjeutstyr -og det ville være naivt å tro at de ikke på samme måte driver kartlegging av sine verste fiender -kom-munistene -også i landet. Fra tidligere veit vi at CIA og SIPO driver omfattende overvåkning.

At bevilgningene til SIPO har økt kraftig i de siste åra er velkjent for de fleste, men mange kamerater har bare et teoretisk forhold til dette med avlytting. "En del sentrale folk er nok avlytta, men ikke jeg". Denne tankegangen må skarpt be-kjempes. SIPO er ikke bare interessert i å høre hva kjente kamerater sier, de er faktisk mer interessert i å av-dekke de kommunistiske organisasjonene, deres måte å organisere på, deres for-bindelseslinjer osv. slik at de kan slå til når de finner det nødvendig og dermed ha muligheten for å pløye opp alle ledda.

Alle som har telefon må derfor gå ut i fra at de er avlytta og handle deretter. Det er ikke bare navn og adresser som det er forbudt å si i telefonen. Minst mulig skal sies -ingen politisk samtale må forekomme. Hvis du ringer fra en telefon som antakelig er avlytta til en som du tror ikke er det, kan du heretter være sikker på at SIPO er

I tilknytning til den sikkerhetsinnstruksen for alle medlemmer av NKS, som følger som ekstrabilag av dette nr. av 4.mai, bringer vi to innlegg som tar opp et par punkter til nærmere diskusjon. Vi mener det er nødvendig at denne innstruksen blir fulgt opp på alle måter -også gjennom innlegg til 4.mai. Dette er en oppfordring!
red.

klar over begge telefonene. På den måten vil de stadig kunne utvide sin oversikt!

I tillegg må alle være klar over at utviklinga ikke står stille innen SIPO heller. De får stadig tak i bedre utstyr. Dette finnes idag på et meget høyt teknisk nivå. Det at mange ikke hører fullt av rare skrapelyder o.l. når de ringer, er selvsagt ikke uttrykk for at de ikke blir avlytta, men heller for at avlyttingsutstyret blir mer og mer avansert.

Det er også viktig å være oppmerksom på at statsinstitusjonen Televerket også henger med i den teknologiske utviklinga, bl.a. med hensyn til datasentraler. Disse sen-tralene, som anlegges stadig flere steder idag, gjør det mulig for staten å plote inn-alle samtaler på databank. Om selve sam-talene blir tatt vare på veit jeg ikke, det jeg veit er at dette datasystemet gir staten fullstendig oversikt over hvem som som prater med hvem, hvor mange samtaler de har hatt og tidsrommet for kontakten. Selv om disse opplysningene ikke er så anvedelige idag, så vil de være meget nyttige for folkets fiender når det begynner å "brake løs".

Disse realitetene gjør at det ikke holder å "omgå problemet" ved å bruke "koder", i tillegg veit vi at overvåkerne ikke er en gjeng idioter, men ofte meget dyktige folk som tar jobben sin meget alvorlig. Det - beste av alt er derfor IKKE å bruke tele-fonen. Men å sørge for den nødvendige kommunikasjonen på annen måte.

Bekjemp den liberale stilen med "minste motstands vei"! Stopp tilsiget av telefon-opplysninger til SIPO!

Knut.

HVA GJØR VI VED ARRESTASJON ?

To ting gjør det aktuelt å få klargjort hvilke plikter og hvilke retter vi har i tilfeller av arrestasjon:

- Politirazziaer med forskjellige begrunnelser med siktemål å presse fram så mange opplysninger som mulig av kommunister og andre progressive. De ønsker informasjon om bakgrunn, politisk arbeid, om de kommunistiske organisasjonene osv., det vil si: informasjon som de ellers ville streve en del for å sikre seg. Eksempel på sånne razziaer så vi på Brandbu-sommerleiren sist sommer. Det er ikke noe som tyder på at dette var siste gang vi så en politirazzia.

- Eksistensen av nazister og andre svin vil også i tida framover gjøre det aktuelt med forskjellige typer demonstrasjoner og aksjoner med deltakelse av bl. a. kommunister. I sånne tilfeller har vi før sett at snuten benytter alle sjanser til å sikre seg deltakere for å pumpe dem.

ARRESTASJON OG INNBRINGELSE.

Dersom politiet mot din vilje vil ha deg med til politikammeret, må de enten formelt arrestere deg (straffeprosessloven § 228) eller innbringe deg (samme loven § 250). Dette betyr grovt sagt at det enten må være god grunn til å tro at du har gjort noe straffbart eller du befinner deg på et sted hvor politiet antar at det har foregått en forbrytelse.

FORKLARINGSPLIKT.

Det er fire ting politiet i følge loven har krav på å få vite: Navnet ditt, alder, stilling og bopel. Ikke noe mer, f. eks. ikke arbeidsgiver.

Dersom du ikke er siktet for en straffbar handling, er det straffbart å gi falsk forklaring til politiet. Du er siktet dersom du er formelt blitt arrestert (§ 228), om det er blitt foretatt ransaking hos deg eller politiet har brukt liknende tvangsmidler mot deg.

Dersom du nekter å si mer til politiet enn de fire opplysningene, kan politiet seinere få deg framstilt til avhør av en dommer. Dersom du bare framstilles som vitne eller som mistenkt, er du juridisk pliktig til å svare. Men du trenger ikke vitne mot ektefellen eller forloveden din. Du kan også nekte å si noe som kan føre til at du selv blir straffet eller taper "den borgerlige aktelse".

Dersom du er siktet, er det formelt sett ikke straffbart å ljuge så mye en ønsker. Advokathjelp har du rett til dersom du er siktet.

SI MINST MULIG.

Ved politiavhør er det en leveregel som skal følges: Oppgi de fire opplysningene, ikke noe annet, "Tørprat" om AKP, NKS eller vær og vind er metoder som bør avvises i utgangspunktet. Det er ingen grunn til å gi overvåkingspolitiet gratis opplysninger. At politiet agerer "kompis" er en kjent og farlig metode som en bør være oppmerksom på. Ellers bør en lese Klassekampen nr. 42/1975, der står det mer om disse sakene.

Anna.

